
Vår referanse 2020/49456-2
Dato 08.09.2020

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Organisering og samarbeid mellom dei kommunale arkivinstitusjonane i Vestland fylke - vidare arbeid

Fylkestinget i Vestland fylkeskommune ba i møte 17. desember 2019 om at det vart oppretta ei sak som såg på framtidig organisering og samarbeid mellom dei kommunale arkivinstitusjonane i Vestland fylke.

Opprinneleg var det planlagt at saka skulle leggest fram som ei politisk sak i junetinget i år. Grunna Koronapandemien lot det seg diverre ikkje gjere å få lagt fram ein sluttrapport som var tilstrekkeleg forankra i dei ulike kommunale arkivinstitusjonane (IKA Hordaland IKS, Bergen Byarkiv og Kommunearkivordninga i Vestland KO). Saka vart difor lagt fram som ei referatsak med mål om vidare oppfølging så snart situasjonen tillot det.

Vi ynskjer å sikre den naudsynte forankringa. Ei forankring som skal gjere oss i stand til å legge fram ei politisk sak i fylkestinget i desember 2020 som peikar retning for det vidare arbeidet.

Referatsaka som vart lagt fram i vår, skildrar arbeidet fram til no og peikar på to konsept som ein ser det formålstenleg å arbeide vidare med: 0-konseptet (samarbeidskonseptet) og 1pluss-konseptet (ny organisasjonskonseptet).

Vi ynskjer å legge fram ein forprosjektrapport for fylkestinget i desember med dei ulike strategiske vegval og konsekvensar. Vi ynskjer der å komme med ei tilråding til løysing og vidare prosess.

Vi ber om ein tilslutnad på dei vurderingar som er gjort og framlegg til vidare prosess.

Med helsing

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Arnt Ola Fidjestøl
seksjonssjef

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Organisering og samarbeid mellom dei kommunale arkivinstitusjonane i Vestland fylke - vidare arbeid

Mottakarliste

INTERKOMMUNALT ARKIV I HORDALAND Kalfarveien 82 5022 BERGEN
IKS

BERGEN BYARKIV
KOMMUNEARKIVORDNINGA I VESTLAND
KO

Postboks 7700 5020
Askedalen 2 6861

BERGEN
LEIKAN
GER